



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref.

Vår ref.
13/50

Dato
14.10.2013

**Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2014 – programkategori 13.50
Distrikts- og regionalpolitikk – førebels rammer**

Kommunal- og regionaldepartementet vil med dette informere om regjeringa sitt framlegg til budsjett for 2014 for gjennomføring av distrikts- og regionalpolitikken, og om den førebels fordelinga av budsjetttramma under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Sjå Prop. 1 S (2013–2014) *Kommunal- og regionaldepartementet* for meir informasjon.

Dei endelege oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev blir sende ut etter at Stortinget har handsama budsjettframlegget. Det kan kome endringar i rammene og i fordelinga av midlane. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

I. Rammer for 2014 under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Regjeringa gjer i statsbudsjettet for 2014 framlegg om 2 758,0 mill. kroner under programkategori 13.50. Dette er ei auke i dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet på 77,9 mill. kroner frå saldert budsjett 2013.

Førebels fordeling av løyvinga som er føreslått under programkategori 13.50 på kapittel/postar, i tusen kroner:

Nemning	Saldert 2013	Framlegg 2014
Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling	1 525 950	1 596 306
Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift	557 700	485 287
Kap. 552, post 21 Kunnskapsutvikling, informasjon o.a.	14 200	15 900
Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling	30 000	40 000
Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling	520 200	587 300
Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling	32 000	33 200

I punkt III er rammer og nye prioriteringar for dei einsskilte postane nærare presenterte. I tillegg er det lagt ved ei førebels oversikt over fylkesfordelinga for ramma på kap. 551, post 60.

II. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i Meld. St. 13 (2012–2013) *Ta heile Noreg i bruk*. Regjeringa vil oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Vi vil nytte dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for størst mogleg nasjonal verdiskaping, sikre likeverdige levekår og gje alle reell fridom til å busetje seg der dei vil.

Regjeringa vil ta heile landet i bruk. Det krev at vi stør opp om lokale og regionale fortrinn, sikrar vekstkrafta i både større og mindre arbeidsmarknader og slik legg til rette for ei balansert regional utvikling. Regjeringa vil gjennom bruken av midlar over programkategori 13.50 prioritere landsdelar og område med særskilde utfordringar.

Verkemidla under programkategori 13.50 er retta inn mot auka verdiskaping, sysselsetting, eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv, gode lokale og regionale rammevilkår for næringslivet og ei kompetanseheving i befolkninga. I tillegg skal dei bidra til å utvikle attraktive regionale og lokale senter for innbyggjarane og næringslivet. Desse midlane utgjer den distrikts- og regionalpolitiske ekstrainsatsen.

III. Førebels rammer og fordelingar for dei einsskilde tilskotspostane

Departementet har over fleire år, samtidig som statsbudsjettet blir lagt fram, sendt ut eit orienteringsbrev om dei årlege rammene til fylkeskommunane, dei nasjonale verkemiddelaktørane o.a. Også Innovasjon Noreg, kommunane o.a. har behov for tidleg å vite noko om kva rammer fylkeskommunane gjev dei. Departementet ber difor om at fylkeskommunen så raskt som mogleg avklarar dei sentrale føringane, budsjett m.v. for Innovasjon Noreg og kommunane. Det er ein føresetnad at eit slikt fylkeskommunalt orienteringsbrev blir følgt opp av eit oppdragsbrev til selskapet før første kvartal 2014, jf. dagens retningslinjer. Føringar, rammer m.v. skal vere drøfta i den regionale partnarskapen. I tråd med arbeidet med å innføre eit nytt mål- og resultatstyringssystem for Innovasjon Noreg skal fylkeskommunane leggje vekt på kva resultat dei ønskjer at Innovasjon Noreg skal oppnå, og avstå frå detaljerte føringar for korleis Innovasjon Noreg skal oppnå desse resultatane.

Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Regjeringa føreslår å løyve 1 596, 3 mill. kroner på kap. 551, post 60 for 2014, som skal fordelast til fylkeskommunane. Ei førebels fylkesfordeling av midlane går fram av vedlegg 1. Den endelege fordelinga på fylka vil bli nedfelt i tilskotsbrev for 2014.

Fylkeskommunane kan berre i mindre grad delegere forvaltningsansvar til ikkje-heileigde offentlege selskap.

Fylkeskommunane skal innanfor dei rammene dei har, dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag som dei gjev til Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet. Fylkeskommunane og Innovasjon Noreg vil seg imellom avtale omfanget av kostnader i samband med tenester frå Innovasjon Noreg som fylkeskommunane finansierer. Beløpet i avtalen blir trekt frå totalramma til fylka, då desse midlane skal overførast direkte frå departementet til Innovasjon Noreg. For å fordele ramma på kap. 551, post 60 til fylkeskommunane har departementet – inntil det endelege beløpet er avklart – brukt det same beløpet som i 2013, det vil seie 51 mill. kroner.

Ramma til fylkeskommunane blir fastsett etter både objektive kriterium og skjønn. Den objektive fordelinga skal medverke til å nå både distriktpolitiske og regionalpolitiske mål. Frå 2014 vil modellen for deling av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla mellom fylkeskommunane bli endra, jf. omtalen i Meld. St. 13 (2012–2013) *Ta heile Noreg i bruk*. Den nye fordelingsmodellen vil sikre at størst moglege ressursar blir løyvde til område med særskilde utfordringar. Det inneber at den nye fordelingsmodellen styrkjer tildelingane til fylke som har kommunar med svak folketalsutvikling, store avstandar og utfordringar knytte til sysselsetjing, arbeidsmarknad og levekår. Ein regionalpolitisk komponent vil sørge for at alle fylkeskommunar kan drive regionalt utvik-

lingsarbeid. Samla gjev fordelinga ein klar distriktsprofil. Sjå vedlegg 2 for ei nærare utgreiing om den nye fordelingsmodellen.

Det blir tildelt midlar til kommunale næringsfond, omstilling og Interreg V A basert på skjøn. Midlane til det grenseregionale programsamarbeidet gjennom Interreg V A for perioden 2014–2020 er fastlagde i samråd med fylkeskommunane. Fordelinga for 2014 er i utgangspunktet den same som i 2013. Midlar til Interreg V A 2014 kan ein sjå i oversikta over dei fylka som deltek, i vedlegg 3. Midlar til dei andre programma vil av praktiske omsyn som før bli overførte direkte til sekretariatsfylka. Tilskotsbrevet vil vise kva som blir overført til sekretariatsfylka.

Viktige satsingar i 2014:

- *Kommunale næringsfond*

Departementet legg opp til å føre vidare tildelinga på 225 mill. kroner. Løyvinga skal gjere kommunane betre i stand til å leggje til rette for vekst, verdiskaping og sysselsetjing. Kommunale næringsfond skal sjåast i samanheng med arbeidet for å styrkje Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) og Innovasjon Noreg sitt arbeid med å skape meir entreprenørskap i kommunane. Departementet føreset at løyvinga til kommunale næringsfond blir teken i bruk ved at kommunar eller regionråd får alle midlane.

- *Omstilling*

Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til ei løyving på 73 mill. kroner til omstillings- og nyskappingsarbeid i vanskelegstilte kommunar/regionar på kap. 551, post 60. Beløpet er basert på innspel frå fylkeskommunane. Midlane vil gje fylkeskommunane høve til å støtte opp om kommunar/regionar der hjørnesteinsbedrifter er lagde ned, eller der næringar har hatt store reduksjonar i sysselsetjinga. Ei oversikt over fylkeskommunar som får tildelt midlar til omstilling, er å finne i vedlegg 1.

- *Verdiskaping i fjellområda*

Departementet har lagt opp til ei satsing over fem år for å styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda. Midlane skal nyttast til innsats på tvers av fylkeskommunane og bidra til nettverksbygging, auka kompetanse og innovasjon i fjellområda. Oppland fylkeskommune har fått ansvaret for å forvalte midlane i samarbeid med aktuelle fylkeskommunar og nasjonale aktørar. For 2014 er det sett av 10 mill. kroner.

- *Småkommuneprogrammet*

Departementet legg opp til ei løyving på 45 mill. kroner til eit utviklingsprogram for utvalde kommunar som starta opp i 2013. Denne ordninga skal styrkje kapasiteten til og kompetansen om lokalt utviklingsarbeid for 41 utvalde kommunar som er tekne opp i programmet. Fylkeskommunane skal forvalte ordninga og utvikle tiltak i samarbeid med deltakarkommunane. Distriktssenteret får i oppgåve å arbeide aktivt med kommu-

nane, det vil seie å utarbeide eit fagleg program og stå for ein del av opplæringa, oppfølginga og den samla rapporteringa. Distriktssenteret vil få eigne midlar til dette arbeidet. Det er lagt opp til at ordninga skal gå over fem år.

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift

Regjeringa har gjort framlegg om ei løyving på 485,3 mill. kroner på denne posten for 2014. Dette er ein reduksjon på 72,4 mill. kroner (13%) frå 2013. Departementet vil kome attende til den fylkesvise fordelinga av rammene så snart dei ligg føre første kvartal 2014.

Midlane på posten skal bidra til å nå dei same måla som gjeld for tilskota til regional utvikling i fylkeskommunane (kap. 551, post 61). Midlane på posten går til område som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift, eller som fekk gjeninnført ordninga med ein høgare sats enn før 2004. Ved bruk av midlane skal det leggjast vekt på utvikling av næringsliv og arbeidsplassar.

Bodø og Tromsø har hatt vesentleg sterkare sysselsetjing og folketalsutvikling enn andre kommunar som ikkje fekk tilbake ordninga med redusert arbeidsgjevaravgift. Reduksjonen blir difor i hovudsak teken frå kompensasjonsmidlane til fylkeskommunane Nordland og Troms. Resten skal takast frå kompensasjonsmidlane til dei andre fylkeskommunane.

Av omsyn til dei utfordringane som landsdelen står overfor, har Kommunal- og regionaldepartementet som mål å sikre at midlane får ringverknader i heile landsdelen. Departementet legg difor til grunn at Nordland og Troms fylkeskommunar i stor grad bruker midlane på tiltak utanfor byane Bodø og Tromsø, det vil seie i distrikta i dei to kommunane og i andre kommunar i dei to fylka.

Utrekningsgrunnlaget for differensiert arbeidsgjevaravgift blei endra i 2007. Endringa gjev eit årleg restbeløp, som tidlegare er blitt brukt til å byggje ut breiband i det distriktspolitiske verkeområdet i regi av fylkeskommunane. Frå 2014 vil dei øyremerkte restmidla til utbygging av breiband bli samordna med ein ny tilskotspost til breiband under Samferdselsdepartementet sitt budsjett. Det er Post- og teletilsynet som skal forvalte denne tilskotsposten. Ordninga skal målrettast mot område med husstandar som ikkje har eit tilbod om breiband av grunnleggjande god kvalitet. I tillegg er det eit delmål å auke kapasiteten for breiband eller sikre mobildekning til husstandar i område der det ikkje er sannsynleg at det kjem eit kommersielt tilbod dei næraste åra. Tilskotsposten avløyser ordninga vi har i dag med tilskot frå departementet til fylkeskommunane for utbygging av breiband. Samtidig legg departementet stor vekt på å byggje på fylkeskommunane si regionalpolitiske rolle for utviklinga. Mange fylkeskommunar har

lang erfaring med utbygging av breiband i sine regionar. Fylkeskommunane vil difor framleis ha ei sentral rolle når det gjeld å fremje utbygginga av breiband.

Tildelingskriteria blir endeleg fastsette av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet hausten 2013. Mellom anna vil det bli lagt vekt på desse kriteria: talet på husstandar som får eit tilbod om breiband av grunnleggjande god kvalitet, ei kostnadseffektiv nettutbygging, graden av eigeninnsats og lokal medfinansiering, planar for berekraftig drift etter at utbygginga er gjennomført, auke i breibandskapasiteten, tyding for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggjarar, næringsliv og besøkjande og ei betring i mobildekninga.

Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling (LUK)

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 40 mill. kroner til satsinga Lokal samfunnsutvikling (LUK) i kommunane i 2014, ein auke på 10 mill. kr. Fylkeskommunane er ansvarlege for satsinga og for å gjennomføre tiltaka. Dei skal planleggje, konkretisere og setje i verk tiltak saman med kommunane og andre samarbeidspartnarar. Innsatsen tek utgangspunkt i utfordringane i den einskilde regionen og skal byggje vidare på etablerte strategiar i regionar og kommunar. Satsinga skal òg medverke til å samordne det lokale og regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane. Løyvinga blir tildelt fylkeskommunane etter søknad innan 1. mars 2014. Løyvinga skal rettast mot tiltak kommunane set i gang for å utvikle attraktive lokalsamfunn. Retningslinjene for tilskotsordninga vil bli formidla via heimesida til LUK-satsinga.

Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Regjeringa føreslår ei løyving på 587,3 mill. kroner på kap. 552, post 72 i 2014. I oversiktene under viser vi ei førebels fordeling av ramma for 2014 på program og innsatsområde i Innovasjon Noreg, SIVA, Forskingsrådet og Kommunal- og regionaldepartementet, samanlikna med saldert budsjett 2013. Departementet har i teksten under i hovudsak kommentert satsingsområde der det skjer ei endring frå 2013 til 2014.

Den endelege fordelinga mellom aktørar og innsatsområde vil bli avklart gjennom styringsdialog og nedfelt i oppdragsbrev for 2014. Verkemiddelaktørane kan gjere framlegg om mindre justeringar mellom innsatsområda innanfor desse rammene. Vi ber om at SIVA, Innovasjon Noreg eller Forskingsrådet tek opp eventuelle ønske om endringar i fordelinga av midlar i god tid før halvårsmøta i haust.

- SIVA – samla økonomisk ramme: 107,0 mill. kroner

Arbeidsmål	Program	Saldert 2013	Framlegg 2014
1.1 Utvikle lokale og regionale næringsmiljø	Næringshageprogrammet, Inkubasjon (FOU, industri, mat og natur), Regionalisering og nettverk m.m.	81,0	101,0
1.3 Auke antall lønnsame etableringar	Kvinnovasjon	6,0	6,0
Sum		87,0	107,0

Departementet vil auke den samla økonomiske ramma til SIVA med 23 % frå 2013 til 2014 (20 mill. kroner). For å styrkje arbeidet med næringsutvikling og arbeidet med å skape gode innovasjonsstrukturar aukar departementet i 2014 løyvinga, slik at det er rom for ein auke til både Næringshageprogrammet og Inkubasjon.

- Innovasjon Noreg – samla økonomisk ramme: 212,8 mill. kroner (administrasjons- og gjennomføringskostnadene er medrekna i tala)

Delmål IN	Arbeidsmål	Program og satsingar	Saldert 2013	Framlegg 2014
Fleire innovative næringsmiljø	1.1 Utvikle lokale og regionale næringsmiljøer	Program for klyngjeutvikling, bedriftsnettverk, Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø og omstilling	107,7	123,2
Fleire vekstkraftige bedrifter	1.2 Styrke overlevingsevna og vekslen i etablerte bedrifter	Designprogrammet, Kompetanseprogrammet	12,9	12,9
Fleire gode gründerar	1.3 Auke antall lønnsame etableringar	Ung gründer, inkludert mentorordning for unge, Høgvekst, Kontordagar og kurs for førstelinjetenesta i kommunane, "Gründerguiden" og pilotprosjektet	42,1	48,6
Tverrgående satsingar		Kultur og opplevingar, Kvinner i næringslivet, Bioraffineringsprogrammet	15,7	22,7
Analysar og profilering		Analysar, evalueringar og profilering	5,4	5,4
	Sum		183,8	212,8

Den samla økonomiske ramma til Innovasjon Noreg aukar med 16 % frå 2013 til 2014 (29 mill. kroner).

Innovasjon Noreg lanserer eit nytt klyngjeprogram i samarbeid med SIVA og Forskingsrådet. Hovudelement i programma NCE – Norwegian Centres of Expertise og Arena skal først vidare. Program for klyngjeutvikling vil tilpasse tilbodet betre til dei spesifikke utfordringane og moglegheitene til den einskilde klyngja. Mellom anna vil næringsklyngjer som har vekstpotensial i globale marknader, få eigne tilbod.

Som ein del av arbeidet med å utvikle eit meir kompetansedyktig næringsliv har Innovasjon Noreg ei satsing på kompetansebygging i regionale næringsmiljø. Satsinga skal styrkje tilgangen til kompetent arbeidskraft ved å bidra til at høgskular og andre kunnskapsinstitusjonar leverer arbeidskraft med relevant kompetanse til næringslivet. Dette skal bidra til sterke næringsmiljø og verksemder, særleg i Distrikts-Noreg, og vere eit supplement til eksisterande ordningar. Midlane skal nyttast til å utvikle godt tilpassa, praksisnære og næringsretta tilbod, særleg i fagskular og høgare utdanningsinstitusjonar.

Departementet set av midlar til drift av den nettbaserte informasjonstenesta for gründerar "Gründerguiden". Tenesta skal gjere det lettare for gründerar å finne informasjon og raskt få svar på spørsmål både om ordningar i regi av Innovasjon Noreg og annan informasjon som gründerar kan dra nytte av.

Det er mange gründerar i Noreg, men for få som skaper vekstbedrifter. Ved å kombinere ein gründerar sine ide og pengetilgangen til ein forretningsengel og forståing for forretningslivet vil ein gjere det enklare å skape vekstbedrifter i Noreg. Derfor skal Innovasjon Noreg i 2014 gjennomføre to pilotprosjekt for å få meir kunnskap om eigna arbeidsmetodar og tiltak som kan bidra til fleire og betre såkalla "forretningsenglar/Business angels". Målet er å utløyse meir privat kapital frå risikovillige private investorar, og at gründerane skal bli meir profesjonelle i forretningsdrifta si. Forretningsengel (Business angel) blir brukt som namn på ein uformell privat investor som ikkje berre bidrar med kapital i eit prosjekt, men òg med kompetanse, nettverk og tid. Eit av prøveprosjekta i 2014 er (etablerar)tilskot til gründerbedrifter som blei etablert for ei stund sidan, men som slit med å få på plass nok privat vekstkapital. Tiltaket skal prøvast ut i Troms. Det andre prosjektet er eit kompetansetilbod for forretningsenglar og potensielle forretningsenglar i dei tre nordlegaste fylka. Tilbodet skal særleg leggje vekt på internasjonal forretningsutvikling. Den nye kunnskapen skal òg inspirere investoraane til å gå inn i fleire oppstartsbedrifter.

Arbeidet med utprøving av fleire arbeidsmetodar og tilnærmingar for betre å nå fram til målgruppa innvandrarar skal først vidare og styrkjast også i 2014. Departementet vil

be Innovasjon Noreg om å gjere ein særskild innsats for å få fleire med innvandrarbakgrunn blant søkerane sine.

Departementet føreslår å styrke tildelinga til tverrgående satsingar for å gje Innovasjon Noreg høve til å auke tildelinga til Bioraffineringsprogrammet. I tillegg kan Innovasjon Noreg i 2014 styrkje denne satsinga ytterlegare ved å nytte overførte midlar frå tidlegare år. Departementet legg opp til at tiltak som er særleg retta mot kvinner, i større grad skal gå inn som ein del av den ordinære programverksemda.

- Forskingsrådet – samla økonomisk ramme: 94,7 mill. kroner

Mål	Program	Saldert 2013	Framlegg 2014
1.1 Utvikle lokale og regionale næringsmiljøer	VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon), frå 2013 inkludert regionale representantar	44,2	50,7
2.1 Styrke tilgang på relevant kompetanse i arbeidsmarknadene	Forskingsløft i nord	40,0	44,0
Sum		84,2	94,7

Innsatsen på kap. 552, post 72 til Forskingsrådet er auka med 12 % frå 2013 – frå 84,2 mill. kroner til 94,7 mill. kroner. Departementet vil auke ramma til VRI-programmet med 6,5 mill. kroner. Forskingsløft i Nord blir auka med 4 mill. kroner til 44 mill. kroner.

Departementet kjem attende til løyvingar på kap. 500, post 50 til DEMOSREG og Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) i det endelege tildelingsbrevet.

- Andre satsingar på kap. 552. post 72

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over den førebels fordelinga av midlar til nokre av dei satsingane og programma som blir finansierte under programkategori 13.50, og som kan vere relevante for verkemiddelaktørane.

Program og innsatsområde	Saldert 2013	Framlegg 2014
Verdiskapingsprogram for lokale og regionale parkar	10,0	15,0
Internasjonalt arbeid	39,1	39,5
Bulyst (inkl. kultur- og næringspilotar)	35,0	45,0
Utviklings- og investeringsstøtte til daglegvarebutikkar i distrikta, inklusiv midlar til drivstoffanlegg	32,7	31,5
MERKUR-programmet*	9,0	9,0
Verdiskapingsprogram for naturarven	10,0	
Ungt Entreprenørskap	12,0	13,0
Ungt Entreprenørskap i Nord-Noreg	1,0	1,0
Forsøk med gratis ferjesamband	0,7	
Forsøk med førarkort	1,5	
Små og mellomstore byar som regional utviklingskraft	7,5	17,5
Sum	158,5	171,5

* MERKUR-programmet får òg midlar frå kap. 552, post 21 til administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Departementet føreslår å gje 45 mill. kroner til Bulyst i 2014. Midlane skal nyttast til å støtte opp om lokale, regionale og nasjonale utviklingsprosjekt som fremjar bulyst i heile landet. Ordninga skal utvikle vidare kunnskapen om kva som aukar sjansane for at busette og innflyttarar trivst og blir buande. Fylkeskommunane skal framleis ha ei sentral rolle i arbeidet.

Det er føreslått 17,5 mill. kroner til eit utviklingsprogram for å styrkje små og mellomstore byar som regional utviklingskraft. Programmet skal identifisere kva byane har å seie for næringspotensialet i omlandet og regionen. Programmet skal vere nettverksbasert. Kunnskapen skal danne grunnlag for regionalt forankra strategiar og tiltak som kan bidra til å styrkje rolla små og mellomstore byar har når det gjeld regional utvikling.

Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar blei etablert som tilskotsordning i 2012. I 2014 er det føreslått å setje av 15 mill. kroner til programmet.

MERKUR-programmet og tilskotsordninga for utviklings- og investeringstøtte til utkantbutikkar blir forvalta av Mentor AS på vegner av Kommunal- og regionaldepartementet. MERKUR-programmet er eit kompetanseutviklingsprogram for dei minste dag-

legvarebutikkane i distrikta. Utviklings- og investeringsstøtta for utkantbutikker blei etablert i 2010. I 2012 blei det etablert eit eige investeringsstøtke for å bidra til å betre drivstofftilgangen i distrikta. Dette blei gjort gjennom å etablere eller halde ved like drivstoffanlegg i tilknyting til daglegvarebutikker eller i samband med etablering av nye, mobile drivstoffanlegg. Ordningane skal først vidare i 2014.

Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling, Distriktssenteret

Distriktssenteret er eit forvaltningsorgan under Kommunal- og regionaldepartementet og skal støtte opp om lokal utviklingskraft og lokale initiativ. Det overordna målet for senteret er å vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for eit heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsonråda. Denne rolla skal fyllast gjennom samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, andre regionale aktørar, nasjonale verkemiddelaktørar som Innovasjon Noreg og SIVA, organisasjonar og lokale eldsjeler.

Distriktssenteret skal halde fram arbeidet med å byggje ut kapasiteten til å drive lokalt utviklingsarbeid i utsette kommunar. Rolla til Distriktssenteret er å vere eit nasjonalt kompetanseorgan innanfor lokal samfunnsutvikling overfor kommunar og fylkeskommunar.

Løyvinga er føreslått auka noko for å gje rom for å kunne etablere og drive nettverk for lokal og regional utvikling.

Distriktssenteret har sekretariatsansvaret for utdelinga av Statens pris for attraktiv stad. Prisen blir delt ut årleg for å framheve kommunar og/eller andre aktørar som har vist vilje og evne til å skape ein levande og attraktiv stad.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg.

Vedlegg 1: Orientering om ny fordelingsmodell for kap. 551 post 60

Vedlegg 2: Fylkesfordeling av kap. 551, post 60

Vedlegg 3: Grunnlag for tildeling etter skjønn til omstilling og Interreg

Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Schweigaards g. 4	0185	OSLO
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Vestfold fylkeskommune	Svend Foynsg. 9	3126	TØNSBERG
Aust-Agder fylkeskommune	Serviceboks 606	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Hauges g. 89	3020	DRAMMEN
Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Finnmark fylkeskommune	Henry Karlsens pl. 1	9800	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Fylkeshuset, Parkg. 64	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Innovasjon Noreg Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Mentor AS	Postboks 200	6801	FØRDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens g. 100	8002	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2560	7735	STEINKJER
Noregs forskingsråd	Postboks 2700 St. Hanshaugen	0131	OSLO
Oppland fylkeskommune	Kirkeg. 76	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
SIVA – Selskapet for industrivekst SF	Postboks 1253 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postuttak	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Troms fylkeskommune	Grønnegata 13	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517	4605	KRISTIANSAND S

Vedlegg 1:
2014: Fylkesfordeling av kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Tal i mill. kr

Fylke	2013						2014					
	Objektivt	Omstilling	Kommunale næringsfond	Interreg	Småkommune-programmet	Totalt 2013	Objektivt	Omstilling	Kommunale næringsfond	Interreg	Småkommune-programmet	Totalt 2014
Østfold	9,00	3,00	2,70	9,35	0,50	24,55	12,06	3,00	2,70	9,35	1,50	28,61
Akershus	9,00	0,00	0,00	8,44		17,44	9,00	0,00	0,00	8,44	0,00	17,44
Oslo	9,00	0,00	0,00	2,50		11,50	9,00	0,00	0,00	2,50	0,00	11,50
Hedmark	56,68	2,00	14,50	5,94	1,10	80,22	67,26	3,00	14,59	5,94	3,30	94,09
Oppland	56,77	6,00	11,48	0,00		74,25	65,72	9,00	11,32	0,00	0,00	86,04
Buskerud	23,84	4,00	4,09	2,50	0,50	34,93	27,06	4,00	4,22	2,50	1,50	39,28
Vestfold	9,00	0,00	0,00	2,50		11,50	9,00	0,00	0,00	2,50	0,00	11,50
Telemark	49,43	0,00	7,39	2,50	1,10	60,42	50,90	0,00	7,44	2,50	3,30	64,13
Aust-Agder	21,88	0,00	8,56	2,50	1,10	34,04	28,34	0,00	8,67	2,50	3,30	42,81
Vest-Agder	25,59	0,00	6,56	2,50	1,10	35,75	32,40	0,00	6,69	2,50	3,30	44,89
Rogaland	23,29	4,00	6,87	0,00	0,50	34,66	24,58	2,00	6,92	0,00	1,50	35,00
Hordaland	58,12	3,00	10,80	0,00	0,80	72,72	63,86	6,00	10,93	0,00	2,40	83,20
Sogn og Fjordane	69,23	8,00	18,51	0,00	0,80	96,54	75,02	10,00	18,64	0,00	2,40	106,06
Møre og Romsdal	96,34	2,00	26,52	0,00	1,10	125,96	97,25	3,00	26,75	0,00	3,30	130,29
Sør-Trøndelag	62,11	0,00	15,92	5,49	1,10	84,62	62,40	2,00	15,99	5,49	3,30	89,17
Nord-Trøndelag	76,86	5,00	20,03	5,49	1,50	108,88	81,32	5,00	19,37	5,49	4,50	115,69
Nordland	207,01	7,00	29,49	8,76	1,50	253,76	193,84	11,00	29,69	8,76	4,50	247,79
Troms	133,18	8,00	22,61	7,48	1,50	172,77	123,64	7,00	21,65	7,48	4,50	164,27
Finnmark	93,34	10,00	18,97	5,33	0,80	128,44	88,39	8,00	19,43	5,33	2,40	123,55
Fjellregioner*						10,00						10,00
Innovasjon Norge**						53,00						51,00
Totalt	1089,67	62,00	225,00	71,28	15,00	1525,95	1121,03	73,00	225,00	71,28	45,00	1596,31

* Utrekk 10 millioner kroner til fjellregionar. Midlane blir forvalta av Oppland fylkeskommune på vegne av fleire fylkeskommunar.

** Midlar til å dekke gjennomføringskostnader ved ordningar i regi av Innovasjon Norge som blir finansierte over kap. 551, post 60. Blir overførte direkte til innovasjon Norge.

Fordelingskriterier 2014:

- 1 Regionalpolitisk komponent: Alle fylkeskommunane får ei regionalpolitisk grunnløyving på 9 millionar kroner
- 2 Distriktpolitisk komponent: Vekting av folketal innanfor det distriktpolitiske verkeområdet: vekt etter kommunen sin inverse distriktindeks, og i tillegg blir kommunar med distriktindeks under 30 vektta 1,3 ekstra, kommunar i Nord-Noreg og Namdalen vektta 1,2 ekstra, kommunar i tiltakszona vektta 1,3 ekstra.
- 3 Skjønnstildeling til fylka med regionar og lokalsamfunn med store omstillingsutfordringar.
- 4 Skjønnstildeling til kommunale næringsfond.
- 5 Skjønnstildeling til europeisk territoriell samarbeid (Interreg).
- 6 Skjønnstildeling til styrking av utviklingskapasitet i mindre kommunar.

Vedlegg 2

Orientering om ny fordelingsmodell for post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Frå 2014 blir ein ny fordelingsmodell for post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling lagd til grunn for fordeling av midlar mellom fylkeskommunane. Den nye fordelingsmodellen deler løyvinga i éin regionalpolitisk og éin distriktpolitisk komponent:

Regionalpolitisk komponent

Alle fylkeskommunar får ei regionalpolitisk grunnløyving på 9 mill. kroner.

Distriktpolitisk komponent

Distriktsindeksen er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune og skal samtidig spegle målsetjingar i distrikts- og regionalpolitikken. Geografi er ein sentral indikator i indeksen (sentralitet, reiseavstand og innbyggjartettleik). Samstundes inneheld indeksen indikatorar som skal måle kor store utfordringar kommunane faktisk har (befolkningsstruktur og -utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå). Distriktsindeksen rangerer alle dei 428 kommunane i Noreg med omsyn til dette.

Den distriktpolitiske komponenten blir fordelt mellom fylkeskommunane etter innbyggjartal og distriktsindeks (DI) per kommune innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Det vil seie at kommunar med lågast DI får den høgaste vektinga, og omvendt.

Desse kommunane har vidare fått ei ekstra vekting i fordelingsmodellen, utover distriktsindeksen til kommunen: kommunar med distriktsindeks under 30 (ekstra vekting 1,3), kommunar i Nord-Noreg og Namdalen (ekstra vekting 1,2) og kommunar i tiltakssona (ekstra vekting 1,3).

For fordelinga av post 60-midlane i 2014 er innbyggjartalet og distriktsindeksen til kommunane per 1.1.2013 nytta. Innbyggjartalet og distriktsindeksen til kommunane vil bli oppdaterte årleg.

For meir informasjon om distriktsindeksen, sjå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/regional- og distriktpolitikk/bakgrunn-og-malsettinger-i-distrikts--og/distriktsindeksen-2013.html?id=731816>

Vedlegg 3.

Statsbudsjettet 2014: Grunnlag for tildeling etter skjøn til omstilling og statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg V A

A. Grunnlag for tildeling etter skjøn til omstilling

Tildeling av midlar til omstilling er basert på utfordringar i områda og byggjer m.a. på innspel frå fylkeskommunane. I tråd med ansvarsreforma er det likevel opp til fylkeskommunane og partnerskapa å disponera den tildelte ramma ut frå behov som oppstår. Fylke som mottek omstillingsmidlar i 2014: Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark. Nærare opplysningar blir synleggjort i tilskotsbrev.

B. Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg IV A og ENPI¹.

Mill. kr.

Fylke	Nord	ENPI	Botnia- Atlantica	Sverige- Norge	Øresund- Kattegat- Skagerrak
Østfold				6,85	2,50
Akershus				5,94	2,50
Oslo					2,50
Hedmark				5,94	
Buskerud					2,50
Vestfold					2,50
Telemark					2,50
Aust-Agder					2,50
Vest-Agder					2,50
Sør-Trøndelag				5,49	
Nord-Trøndelag				5,49	
Nordland	2,665	2,665	3,43		
Troms	4,815 ²	2,665			
Finnmark	2,665	2,665			
Sum	10,145	7,995	3,43	29,71	20

¹ Grenseregionalt samarbeid med Russland innanfor rammene av partnerskapsprogramma til EU for samarbeid på yttergrensene.

² Løyvinga til Troms inkluderer 2,15 mill. kroner for Noregs deltaking i delprogrammet Sápmi under Interreg IV A Nord.